



Rolf Tuv Aakvik
Haukedalsveien 69
5113 TERTNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6698 - 14/23924

Saksbehandlar:
Kristin Nielsen
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:
28.10.2014

Førebels svar som gjeld vinterhage - trong for tilleggskontroll - gbnr 61/16

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 19.09.2014.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må sendast inn situasjonskart kor vinterhagen er målsett. Avstand til nabogrense må også synast.
2. Det må sendast inn planteikning av heile fritidsbustaden, inkludert vinterhagen.
3. Det må opplysast kva areal den eksisterande fritidsbustaden har og det nye totale arealet, jf. rubrikken «Byggverkareal og Grad av utnytting» på det allereie innsendte skjemaet «Søknad om tiltak utan ansvarsrett». Hugs også å opplyse om størrelsen på arealet av terrassen som er måleverdig. Beregningsregel for terrassen: «*Bygningsdeler og konstruksjoner som ligger meir enn 0,5 m over ferdig planert terreng gjennomsnittsnivå rundt byggverket skal medregnes i bebygd areal.*»

(Om veiledning er ønskeleg: gå inn på www.regjeringen.no og søk der etter «H-2300 Grad av utnytting» for å sjå beregnings- og målereglar.)

4. Ut frå fotodokumentasjon og gjennomgang av arkivet, kan det sjå ut som om det er nokre søknadsppliktige tiltak som ikkje er godkjent på eigedommen, og det er ting som tyder på at eigedommen allereie kan vere utbygd meir enn tillete. Vi vil gjere merksam på punkt 2.20 i *Kommuneplanen for Lindås 2011-2023*, som denne eigedommen kjem innunder:

«*Fritidsbustader skal ha ein maksimal storleik på 120 m² bruksareal (BRA), tomtene skal ikkje vere større enn 1,5 dekar og bygd areal (BYA) skal ikkje overstige 20%. Dersom parkeringa skjer inne på tomten, skal parkeringsareal ikkje reknast med i BRA, men inngår likevel i BYA. Maksimal*



gesimshøgde er 6,0 m. Maksimal mønehøgde er 9,0 m. Høgdena vert målt frå planert terreng. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 5.»

Om ein i areal kjem over disse føresetnadene, må det søkast om grunngeven dispensasjon frå dette. Ein eventuell dispensasjonssøknad må nabovarslast.

Ut frå momenta ovenfrå og den samstundes søknaden om oppføring av anneks – med separat saksnr: 14/6699 - **ønskjer vi å invitere til eit møte for å gå gjennom momenta og sjå på moglegheitene**. Dette kan vi avtale pr mail.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 06.01.2015**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Rolf Tuv Aakvik

Haukedalsveien 69 5113

TERTNES